



# Bremanger kommune

JournalpostID: 21/11530  
Sakshandsamar: Randi Ytrehus  
Dato: 24.10.2021

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
127/21	Formannskapet	04.11.2021
057/21	Kommunestyret	18.11.2021

### Eigenbetaling for helse og omsorgstenester - 2022

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår Kommunestyret til å vedta framlegg til auke av eigenbetaling som vist i tabellane under «*saksopplysningar*» med verknad frå og med 01.01.2022.

Dersom det kjem nye rundskriv/føresegner som regulerer eigenbetaling i vedtaksperioden, vil desse verte gjort gjeldande i Bremanger kommune.

#### Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 04.11.2021

Formannskapet rår Kommunestyret til å vedta framlegg til auke av eigenbetaling som vist i tabellane under «*saksopplysningar*» med verknad frå og med 01.01.2022.

Dersom det kjem nye rundskriv/føresegner som regulerer eigenbetaling i vedtaksperioden, vil desse verte gjort gjeldande i Bremanger kommune.

#### Bakgrunn for saka:

Årleg justering av eigenbetaling for tenester i Helse og omsorg i og utanfor institusjon. Verknad 01.01.2022.

**Husleiger:** Er ikkje eigenbetaling men vert i hovudsak regulert med husleigekontrakt mellom partane: Kommunen og den som leiger. Avtalen vert regulert etter bestemmelsane i Husleigelova.

Serviceleilegheit/omsorgsbustad ved Svelgen omsorgssenter og Bremanger sjukeheim vert fastsett i eigenbetalingsvedtaket for helse og omsorg. Husleiger for andre omsorgsbustader vert fastsett av Samfunn og utvikling.

**Inntektskjerming:** Vert forskriftsfesta av staten i det årlege statsbudsjettet. Bremanger kommune følgjer desse satsane.

Utover inntektskjerming og andre statleg sette satsar, føreslår kommunedirektøren å auke eigenbetaling med deflator, 2,5 % , med verknad frå og med 01.01.2022.

## **Kommunestyret 18.11.2021:**

### **Handsaming:**

Kommunalsjef Randi Ytrehus orienterte.

### **KST- 057/21 Vedtak:**

### **Samrøystes vedtak:**

**Auke av eigenbetaling som vist i tabellane under «saksopplysningar» med verknad frå og med 01.01.2022 vart vedteke slik det låg føre.**

**Dersom det kjem nye rundskriv/føresegner som regulerer eigenbetaling i vedtaksperioden, vil desse verte gjort gjeldande i Bremanger kommune.**

## **Formannskapet 04.11.2021:**

### **Handsaming:**

Kommunalsjef Randi Ytrehus orienterte

### **FSK- 127/21 Vedtak:**

**Formannskapet rår Kommunestyret til å vedta framlegg til auke av eigenbetaling som vist i tabellane under «saksopplysningar» med verknad frå og med 01.01.2022.**

**Dersom det kjem nye rundskriv/føresegner som regulerer eigenbetaling i vedtaksperioden, vil desse verte gjort gjeldande i Bremanger kommune.**

## **Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:**

- Helse og omsorgstjenestelova
- Pasientrettighetslova
- Forskrift om egenandel for kommunale helse-og omsorgstjenester (FOR-2011-12-16-1349)
- Rundskriv 1-47/1998 om vederlagsberekning
- Statsbudsjettet for 2022

### **Saksopplysningar:**

**G = Grunnbeløpet i folketrygda.** Frå 01.05.2021 er denne kr. 106 399.-. Dette er auka med frå kr. 101 351.- frå mai 2020. Dette utgjer ein auke med 5 % frå 2020 til 2021.

### ***Inntektsskjerming:***

Dersom husstanden si samla inntekt er under 2 G, skal samla vederlag/eigenbetaling for tenester ikkje overstige ein sum per måned som vert sett av staten. I 2020 og 2021 har summen vore sett til kr. 210.- pr. mnd. Det er forventa at summen aukar i statsbudsjettet for 2022.

Lov om kommunale helse – og omsorgstenester med rundskriv og føresegner regulerer kva tenester kommunen har høve til å krevje vederlag/eigenbetaling for, og kva ein ikkje har høve til å krevje eigenbetaling for. Kommunen har mellom anna ikkje høve til å krevje eigenbetaling for heimesjukepleie, personleg stell og eigenomsorg. Dette er nærare definert i lova som å stå opp, legge seg, hjelp til å kle av og på seg, hjelp til å ete, naudsynt tilsyn og tilsvarande grunnleggande behov.

Eigendel kan berre verte krevd frå den som mottar tenesta med grunnlag i husstanden si samla inntekt. Dersom det vert ytt tenester i heimen på grunn av mindreårige barn med hjelpebehov, skal dette tolkast slik at hjelpa vert ytt til føresette og krav om eigendel vert å setje fram.

Statlege retningslinjer skjermar husstandar som har samla nette skattbar inntekt under 2 x G, inntektsskjerming. For husstandar som har samla inntekt som tilsvarar 2 x G eller høgare står kommunen fritt til å fastsetje eigenbetaling som svarar til sjølvkost inkludert 10 % administrasjonskostnader. Sjølv om det er ein person i husstanden som mottar tenester gjeld samla inntekt som grunnlag for utrekning av eigendel. Kommunen kan sjølv fastsette reglar for betaling av eigendel og satsar for praktisk bistand daglege gjeremål og praktisk bistand opplæring, herunder tenester ytt gjennom BPA-ordninga.

Etter forskrift om eigendel for kommunale helse – og omsorgstjenester (2011) er det beskrive i § 9 at eigendelen ikkje skal overstige kommunen sine egne utgifter til tenesta. Vidare at sjølvkost vert berekna utifrå ei gjennomsnittleg timeløn for den teneste som vert utført pluss 10 % administrasjonskostnad.

Gjennomsnittleg lønnskostnad pr time for assistent, fagarbeidar og høgskuleutdanna i PLO var i 2020: Kr. 360.-, kr. 403.- og kr. 447.-. Gjennomsnittleg gjev dette ein timekostnad med kr 403,33. (Revidert i samband med krav til staten for ressurskrevjande tenester).

Vi legg til grunn auke med deflator i 2022:  $403,33 \times 2,5 \% = \text{kr. } 413,41.-$

10 % administrasjonskostnad: Kr. 41,34.-

Sjølvkost pr. time for praktisk bistand, daglege gjeremål og praktisk bistand, opplæring i 2022: **Kr. 455.-.**

Grunnlag for maksimal eigendel ein person skal betale skal reknast ut med

grunnlag i husstanden si samla skattbare inntekt før særfrådrag pr 1 januar.

Avgjerd om eigendel etter eigenandelsforskrifta er eit enkeltvedtak og skal følgje reglane i forvaltningslova. Kommunen skal minst årleg oppdatere eigenandelsvedtaket ut frå nye opplysningar i likining og ny G.

Eigendelen kan ikkje setjast høgare enn at vedkommande beheld tilstrekkeleg til å dekke personlege behov og bere sitt ansvar som forsyttar. Ein kan ikkje krevje dekning i formue.

Ved eventuelle korttidsopphald i kommunen vert ikkje praktisk bistand i eigen heim stogga.

Bremanger kommune har praktisert timesats frå 0 til og med 9 timar pr. månad og abonnementsordning frå 10 timar og meir pr. månad.

	INNTEKT	Timesats frå og med 1 time til og med 9 timar pr. mnd. : Pr. time – framlegg for 2022	Frå og med 10 timar pr. mnd. Abonnementsordning, framlegg for 2022
A	Minstepensjonsnivå, under 2 G	210.-	210.-
B	2-3 G	(287.-) 294.-	2 940.-
C	3-4 G	(316.-) 324.-	3 240.-
D	4-5 G	(388.-) 398.-	3 980.-
E	Over 5 G	(440.-) 455.- (sjølvkost)	4 550.-

### **Ulike opphald i institusjonar:**

Bremanger kommune har to institusjonar: Bremanger sjukeheim, BS og Svelgen omsorgssenter, SO.

For opphald som primært er innvilga for å avlaste pårørende, har ikkje kommunen høve til å krevje eigenbetaling.

**Korttidsopphald:** Vert definert som: «Tidsavgrensa opphold i institusjon gitt som døgnopphold, dagopphold eller nattopphold».

Korttidsopphald kan verte innvilga som kombinasjon mellom korttidsopphald med eigenbetaling og utan. Dette dersom noko er innvilga som avlastning og noko av opphaldet/a med anna føremål.

**Langtidsopphald:** Vert definert som: «Opphold i institusjon på ubestemt tid eller tidsavgrensa opphold når vedkommende har vært på institusjon i minst 60 døgn pr. kallenderår».

**Vederlag (eigenbetaling):** for opphald i institusjon vert regulert av staten i eiga forskrift: «Vederlagsforskrifen».

Om vederlagsberekning: Gjeld langtidsopphald i institusjon. Av inntekter inntil 1 G, med frådrag av fribeløp (årleg fastsett av staten), kan kommunen krevje 75 % i vederlag pr. år. Av inntekter over 1 G, betaler bebuaren inntil 85 %.

For korttidsopphald kan kommunen krevje betaling for dag – eller nattopphald frå første dag etter satsar som staten vedtek årleg.

Det vert gjort enkeltvedtak knytt til vederlag for den einskilde.

Vederlaget skal ikkje vere høgare enn at den einskilde har att minimum 25 % av G i tillegg til fordelten av fribeløpet.

Det vert ikkje rekna vederlag av formue, berre av inntekt, herunder renteinntekter. Dersom formuen gjer anna inntekt, kjem også denne inn under grunnlag for vederlag.

Bebuar, som utan å ønskje det, vert lagt inn på dobbeltrom skal ha eit statleg regulert fribeløp årleg (2020: 41 600.-).

Vederlag skal dekke kost, losji, medisin og helsetenester som kommunen organiserer. Dersom bebuar på institusjon vel å behalde legetenester frå sin fastlege, må bebuar betale dette sjølv.

Ved flytting direkte frå annan institusjon eller privat forpleining mv., skal tida for opphaldet verte rekna med. Annan institusjon kan vere: Sjukehus, psykiatrisk institusjon, spesialistsjukeheim eller aldersheim (rundskriv A 47/98). Dersom vedkomande har hatt opphald på annan institusjon eller flyttar direkte frå denne til ny institusjon, vert det ingen ny friperiode under opphald i sistnemnde institusjon.

Dersom bebuar har hatt fleier korttidsopphald med tilsaman meir enn 60 døgn pr. kalenderår, kan kommunen krevje vederlag som vist ovanfor.

#### **Dagaktivitetsopphald:**

For brukarar som er utviklingshemma og brukarar innan tenesta rus/psykiatri er det ikkje eigenbetaling for dagaktivitetstilbod. Andre brukarar må betale eigendel.

#### **Opphald i bufellesskap/omsorgsbustad med personalbase:**

I Bremanger kommune gjeld dette: Haugetun, Klokkartunet, Haugane, Hogslia og i omsorgsbustader på BS og på SO.

Bebuarar her er juridisk å rekne som heimebuande. Den einskilde inngår husleigeavtale med Bremanger kommune. Vilkåret for å få tilbod om å leige omsorgsbustad på desse tilboda, er behovet for helsehjelp og praktisk bistand og opplæring. Det er Husleigelova som regulerer tilhøvet mellom partane og er ein privatrettsleg avtale. Leigetakar kan søkje om bustønad frå Husbanken (staten).

Tenester vert innvilga til den einskilde bebuar i enkeltvedtak.

For tidsavgrensa opphald i bufellesskap (Haugetun og Klokkartunet) vert eigendel føreslått sett som eigendel i institusjon pr døgn, dag eller natt. I tillegg kjem betaling for måltid.

**Tryggleiksalarm:**

Bremanger kommune leiger tryggleiksalarmar frå Responssenteret i området Sogn og Fjordane (tidlegare Alarmsentralen).

**Sal av mat:**

Faste mottakarar av mat/måltid som gjer beskjed minimum 7 dagar før frávær, får frådrag for kostpengar med grunnlag i gjeldande satsar. Dette gjeld ikkje der bebuar vert vederlagsberekna.

**Utlån av hjelpemiddel:**

Lånetakar må dekke eventuelle skader på desse. Dette gjeld også ved påført skade på tryggleiksalarmar eller tap av utløysarknapp.

**Eigendel ved å vere passasjer hjå kommunal transport:**

Der brukar sit på med oppdragstakar eller tilsette, vert brukar fakturert gjeldande eigendel.

**Vask av kle:**

Brukarar som har fått innvilga praktisk hjelp i heimen, inkludert vask av kle, skal ha eige vaskemaskin i heimen. Om brukar likevel ikkje har vaskemaskin kan han/ho i særskilte høve etter individuell vurdering få vaska private kle i vaskemaskin i bufellesskap eller institusjon. Dette vil gjelde i ei avgrensa tid.

TENESTE	2021	Auke (deflat or 2,5 % )	Framlegg 2022
---------	------	----------------------------------	------------------

Dag eller nattopphald i institusjon	90.-		Statsbudsjett for 2022
Dagaktivtetsopphald	215.-	4,3.-	219.-
Korttidsopphald i institusjon	170.-		Statsbudsjett for 2022
Habilitering/rehabilitering			
Utgreiing/behandling			
Korttidsopphald i bufelleskap	170.-		Statsbudsjett for 2022, pluss måltid
Tryggleiksalarm	338.-	8,45.-	346.-
Råvarepris, middag	55.-	1,38.-	56.-
Kjøp av alle måltid, pr døgn	163.-	4,08.-	167.-
Kjøp av alle måltid pr mnd.	4 963.-	124,07.-	5 087.-
Kjøp av middag i matsal pr dag.	96.-	2,40.-	98.-
Kjøp av middag i matsal pr mnd.	2 912.-	72,80	2 985.-
Frukost eller kvelds	40.-	1.-	41.-
Leverert middag pr. stk	108.-	2,7.-	111.-
Passasjer pr. mil	31.-	0,78.-	32.-
Vask av private kle, pr. mnd	267.-	6,68	274.-
2-roms omsorgsbustad på BS og SO	8 600.-	215.-	8 715.-
1-roms omsorgsbustad	6 400.-	160.-	6 560.-



Dersom tilsette i Bremanger kommune utfører nedvask etter avslutta leigetilhøve, vert det fakturert med 455.- pr time som tilsvarar sjølvkost ovanfor. Dersom nedvask ver utført av reingjeringsbyrå eller anna innleige, vert kostnaden fakturert.

**Vurdering:**

For å nå målet om å oppretthalde tenestetilbodet til innbyggjarane, og halde planlagt budsjett og handlingsplan, må vi auke eigenbetaling der vi har høve til å gjere det. Vi føreslår likevel å halde på abbonementsordninga slik at maksimal eigendel for praktisk bistand, daglege gjeremål og praktisk bistand og opplæring slik at økonomisk kostnad ikkje skal verte for stor belastning for den einskilde.

**Økonomiske konsekvensar av framlegg til vedtak:**

Auka inntekter der vi krev eigenbetaling i samsvar med pris og lønsvekst (deflator) med 2,5 % utgjer om lag auka inntekter frå 2021 til 2022 med kr. 43 000.-